# Meland kommune

Norconsult AS
Pb. 1199
Valkendorfsgate 6
5012 BERGEN

| | | |
|---|---|---|
| Referanser: | Saksbehandlar: | 02.09.2016 |
| Dykkar:Fritjof Stangnes | Ingrid Raniseth | |
| Vår: 16/1190 - 16/16857 | ingrid.raniseth@meland.kommune.no | |

# Innkalling til oppstarsmøte - Detaljregulering for marina Io, gbnr 49/13

Me syner til e-post motteke 02.06.2016 om bestilling av oppstartsmøte for eigedom 49/13 på Io.

Plan- og bygningslova(p bl) § 12- 8 krev at det før oppstart av reguleringsplan skal gjennomførast eit formelt oppstartsmøte:« *Når forslagsstillerenen en annen enn planmyndigheten selv skal planspørsmålet legges fram for planmyndigheten i møte. Kommunen kan gi råd om hvordan planen bør utarbeides, og kan bistå i planarbeidet*».

**Vi kallar med dette inn til oppstartsmøte: 16.09.2016**
**Møtetidspunkt: 12.30 - 14.00**
**Møtestad: Meland Rådhus, møterom 3**

Meld attende til planavdelinga om tal på representantar som stiller frå høvesvis tiltakshavar, fagkyndige, evt. andre.

Materialet til førebuing av møtet kan sendast på e- post til sakshandsamar el ler via post til Meland Kommune v / Plankontoret , Postboks7 9, 5906 Frekhaug.
Me bed om at de på førehand gjer dykk kjent med « *Startpakke for private planar etter plan - og Bygningslova for kommunane i Nordhordland og Gulen*», særskild vedlegg B og C som omhandlar oppstartmøte. Sjå vedlegg.

**Naudsynt førehandsinformasjon**
For førebuing til oppstartsmøte må vi ha motteke særlege tema ein ynskjer å få avklart
i god tid før møtetidspunkt.

**Anna førebuing**

For å få best mogleg nytte av oppstartsmøtet kan de og sende inn informasjon gjeldande;
1. Presentasjon av tiltak og planområdet (kort skildring over det ein kjenner til)

• Bakgrunn / historikk.
• Idéskisser.

2. Situasjonen i dag
• Kva kartleggingar/ innhenta informasjon ligg føre per i dag (td. Undersøkingar av grunn/ arkeologiske undersøkingar/ el. anna relevant kartlegging)
• Klargjering av eigedomstilhøve, eigedomsgrenser, matrikkelrettar, mm.

3. Tilhøvet til regionale og statlige føringar

**Konsekvensutgreiing**
Planprosess og plantype vil bli drøfta på møtet.

**Risiko og sårbaranalyse**
For alle planforslag skal det gjennomførast risiko- og sårbaranalyse jf. pbl § 4-3.
Kommunen har vedteke akseptkriterier med metode for gjennomføring av ROS. Dokumentet kan lastast ned frå kommunen si heimeside.

**Krav til kompetanse**
Me gjer merksam på at reguleringsplanar skal utarbeidast av fagkyndige jf. pbl § 12-3.

**Gebyr**
For handsaming av private reguleringsplaner tek kommunen gebyr. Sjå kommunen sitt gebyrregulativ på kommunen si heimeside:
http://www.meland.kommune.no/reguleringsplanar.364491.nn.html

Ta gjerne kontakt med sakshandsamar dersom de har spørsmål.

Med helsing

Ingrid Raniseth
Plansakskonsulent

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**
1 Startpakke Privat RegPlan 190110

**Mottakere:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Asbjørn Larsen | Ievegen 187 | 5917 | ROSSLAND |
| Norconsult AS | Pb. 1199 | 5012 | BERGEN |